



Jarle Samuelsen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2167 - 18/23026

Saksbehandlar:

Reidun Sæbdal

reidun.sebdal@lindas.kommune.no

Dato:

19.07.2018

Svar på henvendelse om servering på Solholmen i perioden 20.07 til 05.09.18

Viser til dykkar epost av 18. juli og telefonsamtale med dykk 19. juli vedkomande ønskje om godkjenning av servering på Solholmen Vertshus , i perioden 20.07. til 05.09.18.

Vedtak

Det vert gitt dispensasjon til serveringsløyve etter serveringslova §3 fom 20.07. tom 30.08.18.

Vilkår: Etter avtale med søkjar kan ein tilby enkel servering . Besøk skal avgrensast til mottak av mindre grupper/ enkeltbesøk. Besøkjande vil få tilbod om omvisning /kulturhistorie på og om Solholmen.

Opningstid: kl 12.00 – kl 24.00 måndag-søndag.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast innan 3 veker frå vedtaket er motteke. Klageinstansen er Fylkesmannen. Ein eventuell klage sendast Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Bakgrunn/vurdering:

Det ligg føre søknad om servering- og skjenkebevilling får Solholmen Vertshus datert 11.07.18. Søknaden skal til politisk behandling 30.08.18. Sakshandsamar har hatt dialog/ møter med søkjar i samband med søknaden. Serveringslova §3 1. ledd set krav til at ein som vil gjere seg næring av å drive serveringsstad må ha serveringsbevilling gitt av kommunen. I påvente av politisk behandling av søknad om servering- og skjenkebevilling frå Solholmen Vertshus vert det vurdert tilrådeleg å gi dispensasjon for ein avgrensa periode til enkel servering ved mottak av mindre grupper/enkeltbesøk, jf. Serveringslova §3 3.ledd.

Med helsing

Reidun Sæbdal
einingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



